

# Kommunedelplan for E39 Flatøy Eikefettunnelen

## FØRESEGNER

Nasjonal arealplanID 1263-201611

Dato for revisjon 20. Mars 2024

### 1. Formål

Kommunedelplanen skal fastsetje areal for detaljregulering av ny E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen i Alver kommune.

### 2. Generelle føresegner

#### 2.1. Krav om detaljreguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

2.1.1. Innanfor plangrensa skal det utarbeidast detaljreguleringsplan for ny hovudveg, E39, med tilhøyrande veganlegg, riggområder og massedeponi. Dette omfattar også sikringssona til vegtunnelane. Sikringssona har ei utstrekning på 60 meter til kvar side målt frå veglinja i tunnelvegplanet og 30 meter over og under tunnelvegplanet.

#### 2.2. Rekkefølgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

2.2.1. Tilførslivegar, gang- og sykkelvegar, kollektivanlegg og andre funksjonar som inngår i veganlegget skal byggast seinast samtidig med hovudveganlegget, tilpassa eventuell oppdeling av anlegget i trinnvis utbygging.

#### 2.3. Krav om byggegrenser, funksjonskrav mm. pbl § 11-9 nr. 5

Byggegrense for planlagt ny E39 med kryss og tilførslivegar er markert i plankartet som juridisk linje.

Byggegrense er 50 meter målt frå juridisk senterlinje for ny E39.

Byggegrense er samanfallande med formåls grense pbl 11-7 nr. 2 når grensa er meir enn 50 meter frå juridisk senterlinje for ny E39.

Byggegrense er markert i plankartet som juridisk linje utanfor formåls grense når formåls grensa er mindre enn 50 meter frå juridisk senterlinje for ny E39.

I kryssområder er byggegrense markert i plankartet med større avstand enn 50 meter.

Innanfor byggegrensa er det ikkje tillate å etablere nye tiltak som er i konflikt med regulering og bygging av ny E39.

Retningsliner: Søknad om dispensasjon for tiltak innanfor byggegrense skal sendast til Statens vegvesen for uttale jf. pbl §19-1.

## 2.4 Unntak frå krav om detaljreguleringsplan og byggegrense

Følgjande tiltak er unntatt frå kravet om detaljreguleringsplan i føresegns 2.1 og tiltak omfatta av byggegrense i føresegns 2.3:

- Tiltak i pbl § 20-4 bokstav a) med unntak av oppføring av frittliggjande bygning som er omfatta av byggesaksforskrifta § 3-1 bokstav b) og e)
- Tiltak i pbl § 20-4 bokstav c) og e)
- Tiltak i pbl § 20-5 med unntak av bokstav b)

### 3. Føresegner til arealformål (§11-7) og forhold til gjeldende kommuneplaner pbl § 1-5

#### 3.1. Arealformål for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr. 2)

Areal merka SE-01 gjeld areal for ny hovudveg (E39) med gang- og sykkelveg og tilhøyrande anlegg. Innanfor arealformålet er det ikkje tillate å etablere nye tiltak som er i konflikt med regulering og bygging av ny E39.

Retningsliner: Søknad om dispensasjon for tiltak innanfor arealformål skal sendast til Statens vegvesen for uttale jf. pbl §19-1.

Innanfor arealføremålet er det unntak for følgjande tiltak:

- Tiltak i pbl § 20-4 bokstav a) med unntak av oppføring av frittliggjande bygning som er omfatta av byggesaksforskrifta § 3-1 bokstav b) og e)
- Tiltak i pbl § 20-4 bokstav c) og e)
- Tiltak i pbl § 20-5 med unntak av bokstav b)

#### 3.2. Føresegner til arealformål og omsynssoner fra KPA Alver kommune.

For areal etter pbl § 11-7, som ikkje er erstatta av nytt samferdsleformål SE-01, gjeld føreseggnene i følgjande arealplanar/reguleringsplanar:

- Kommuneplan for Meland 2015-2026, plan-id 1256-20190001
- Kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen 2019-2031, plan-id 1263-201701
- Kommuneplan for Lindås 2019-2031, plan-id 1263-201805

Med unntak av SONE FOR VIDAREFØRING AV REGULERINGSPLANAR, JF. PBL § 11-8 F (H910).

- Detaljreguleringsplan for industriområde Framo Flatøy vedtatt 05.10.2023, planid. 4631\_125620180004